

Notat

Går til:
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 30.11.2010
Sakshandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **Revisjonsrapport – leveranse av helsepersonellvikarar**

**Vedlegg til
Styresak 129/10 B Revisjonsrapport – leveranse av
helsepersonellvikarar**

Styremøte 01.12.2010

Som eit resultat av prosessen under og etter revisjonen er det sett i verk ei rekkje tiltak for å styrkje etterleving av avtalene og forbetre rutinane sett frå føretaka og leverandørane:

- Oppgradering av leverandørane sine IKT system for å sikre god dokumentasjon av alle sjekkpunkt kring kvalitet
- Nye krav i kontraktane overfor leverandørane – skjerpa kvalitetskrav
- Utvikling av tydelege felles rutinar for sommarbestilling 2011 – (for betre å dekkja behova – forslag til nye rutinar er utarbeida)
- Nasjonal konferanse om vikarbruk – januar 2011

Dei konkrete avvika som er omhandla i internrevisjonsrapporten blei allereie 22. september 2010 handtert i felles møte med leverandørane. Alle avvika er nå lukka. Inntil eventuelle IKT system er oppgradert slik at dei tilfredsstillir alle dokumentasjonskrav er det stilt krav om at alle leverandørane skal ha eit manuelt system som tilfredsstillir alle kvalitetskrava. Vi har per i dag mottatt melding og dokumentasjon frå fleire av vikarbyråa at deira IKT leverandør vil sette i drift nye versjonar av IKT programma like over nyttår.

Døme på kva krav som er lagt inn i kontraktane som følgje av revisjonen er:

- *“Oppdragsgiver krever at alle leverandører har et system som ivaretar historikk vedrørende sin kontraktuelle plikt til å kontrollere vikarer før disse settes inn i tjeneste.*
- *Leverandørene har frist til 1.1.2011 og arbeider nå med sin systemleverandør for å endre sine kandidathåndteringssystemer slik at oppdragsgivers krav ivaretas. Inntil systemet er plass krever oppdragsgiver at sporbarhet ivaretas ved føring av manuell logg.”*

Det har derfor vore viktig å gjennomføre revisjon av leverandørane for å nytte erfaringane til læring og utvikling både i helseføretaka og for leverandørane. Allereie etter første revisjon av leverandørane ser vi forbetringar. Arbeidet med oppfølging av leverandørane vil halda fram. Det er tillyst nye rutinar for gjennomføring av sommarferien 2011.

HINAS og dei regionale helseføretaka har som mål å gjennomføra fleire revisjonar av leverandørane (ikkje tidfesta ennå).

Vi er også kjend med at Riksrevisjonen vil ha ein gjennomgang på etterlevering av implementering av avtalane. All dokumentasjon frå anbod til implementering og revisjon av leverandørane er overlevert Riksrevisjonen.